

# Prop. 19 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2024 under Forsvarsdepartementet

Tilråding frå Forsvarsdepartementet 22. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)

### 1 Innleiing

Regjeringa legg i denne proposisjonen fram forslag om naudsynte endringar av løyingane under programområde 17 Militært forsvar, for å skapa best mogleg samsvar mellom løyingane under dei einskilde kapitla og postane og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet vart vedtatt.

Regjeringa legg opp til å auka støtta til Ukraina utover det som var lagt til grunn for Nansenprogrammet etter behandlinga av revidert nasjonalbudsjett i juni. Dei ukrainske behova er store, og omfanget av den russiske krigføringa og dei russiske åtaka aukar dei ukrainske militære, sivile og humanitære behova for støtte ytterlegare. Difor foreslår regjeringa å auka løyinga til militær støtte til Ukraina med 3,5 mrd. kroner i 2024, i tråd med orienteringa til statsministeren til dei parlamentariske leiarane i Stortinget i august. Auken skal legga til rette for donasjonar av meir luftvern, styrka F-16 donasjonane med mellom anna våpen og reservedelar, donasjon av relevant teknologi og styrking av den ukrainske forsvarsindustrien.

I tillegg foreslår regjeringa styrkingar i drifta av verksemder i forsvarssektoren. Langtidsplanen for forsvarssektoren, Prop. 87 S (2023–2024), legg opp til ein betydeleg vekst i sektoren i åra som kjem. Gjennomføring av langtidsplanen krev auka

kapasitet og omsetningsevne i sektoren. Difor foreslår regjeringa auka løyingar til Forsvars materiell for å styrka kapasiteten til anskaffing og investering. Vidare foreslår regjeringa ein auke i løyinga til Forsvaret for å handtera auka driftsutgifter, og for å legga til rette for at Forsvaret kan oppretthalda aktivitetsnivået i dagens alvorlege tryggingspolitiske situasjon. Endringane vert skildra per kapittel og post.

### 2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2024

#### Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

##### Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyinga på posten med 33,3 mill. kroner knytt til militær støtte til Ukraina mot ein reduksjon på 25,0 mill. kroner på kap. 1700, post 78, og 8,3 mill. kroner på kap. 1700, post 79. Vidare foreslår regjeringa å auka løyinga på posten med 13,7 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgraderinga for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. I tillegg foreslår regjeringa å auka løyinga med 10,1 mill. kroner til auka utgifter til forsvarsattachear og militærrådgjevarar i utlandet, 5,0 mill. kroner til juridisk bistand i ei rettssak og 4,0 mill. kroner i auka driftsutgifter. I

tillegg foreslår regjeringa å auka løyvinga med 5,3 mill. kroner mot ein tilsvarende inntektsauke på kap. 4700, post 01. Sjå omtale på kap. 4700, post 01. Vidare foreslår regjeringa fleire mindre endringar som totalt fører med seg ein auke av løyvinga på 1,4 mill. kroner. Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 72,8 mill. kroner.

#### *Post 22 IKT-verksemd, kan overførast*

Dataåtaket mot Service- og tryggingsorganisasjonen for departementa (DSS) sumaren 2023 har ført med seg endringar i planane til Program for felles IKT-tjenester i departementsfellesskapet. Som følge av endra periodisering av programmet i 2024 foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 42,0 mill. kroner. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 2,7 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. I tillegg foreslår regjeringa ein reduksjon av løyvinga på posten på 0,4 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 1700, post 01. Samla foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 39,6 mill. kroner.

#### *Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, kan overførast*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 3,0 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1700, post 71. Sjå omtale under kap. 1700, post 71.

#### *Post 71 Overføring til andre, kan overførast*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 8,0 mill. kroner til eit enkeltståande tilskot til Gloster Gladiator 423 Stiftelsen. Føremålet er å støtta restaureringa av flyet Gloster Gladiator med hale-nummer 423. Dette flyet tok del i kampane i Noreg i april 1940 og står for ein unik og viktig del av norsk krigshistorie. I tillegg foreslår regjeringa ei mindre endring som fører med seg en ein auke av løyvinga på posten på 0,3 mill. kroner. Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 8,3 mill. kroner.

#### *Post 78 Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, kan overførast*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 133,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke som fordeler seg med 25,0 mill. kroner på kap.

1700, post 01 og 108,0 mill. kroner på kap. 1760, post 45. Sjå omtale under kap. 1700, post 01 og kap. 1760, post 45.

#### *Post 79 Militær støtte til Ukraina, kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 01 og 47, kap. 1720, post 01 og kap. 1760, post 01 og 45*

Regjeringa foreslår å auka ramma for den militære støtta i Nansen-programmet med 3,5 mrd. kroner i 2024. Auken er grunna med Ukrainas behov for militær og sivil støtte i møte med den russiske åtakskrigen. Regjeringa skal nyttja midlane til å donera meir luftvern i ei internasjonal ramme, styrka F-16-donasjonane gjennom den amerikanske JUMPSTART-mekanismen, donera relevant teknologi i samarbeid med Storbritannia og styrka ukrainsk forsvarsindustri.

Regjeringa har i 2024 donert materiell frå forsvarssektoren for om lag 2,5 mrd. kroner. Verdien av donert materiell vert rekna inn som bidrag under Nansen-programmet og vert trekt ifrå løyvinga på donasjonstidspunktet. Materiell som skal gjenanskaffast inneber ein tilsvarende auke på forsvarsbudsjettet når gjenanskaffinga kjem til utbetaling. I saldert budsjett 2024 la regjeringa opp til at 2,0 mrd. kroner av støtta gjennom Nansen-programmet ville vere i form av donasjonar i inneverande år. Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 467,3 mill. kroner, basert på verdien av donasjonar ut over dei 2,0 mrd. kronene.

Regjeringa foreslår samstundes å redusera løyvinga på posten med 8,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1700, post 01, for utgifter til mellom anna betre oppfølging og kontroll av Ukraina-arbeidet i Forsvarsdepartementet og styrking av forsvarsattachéfunksjonen ved den norske ambassaden i Kyiv.

Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 23,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 1760, post 01, til utgifter knytt til klargjering i samband med donasjonar, i tillegg til meirbehov i Forsvarsmateriell som følge av etatens arbeid med donasjonar og gjenanskaffing av donert materiell.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 538,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 1720, post 01, for utgifter til anskaffingar, klargjering og transport, vedlikehald og reparasjon av materiell samt trening i samband med donasjonane. I tillegg gjeld endringane utgifter til å gjenanskaffa donert skarpskytterammunisjon samt midlar til Forsvaret for anskaffing av materiell og trening i den maritime koalisjonen til

støtte for Ukraina som Noreg leiar saman med Storbritannia.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 935,0 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 1760, post 45 for mellom anna utvikling av forsvarsteknologi for donasjon til Ukraina, donasjon av kommunikasjonsutstyr og dronar samt reservedelar til NASAMS-luftvern.

Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten 79 med 1 528,1 mill. kroner.

## Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

### *Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 5,3 mill. kroner mot ein tilsvarande utgiftsauke på kap. 1700, post 01, knytt til vidarefakturering av driftsutgifter og innbetalingar for tenester i samband med et reformprosjekt på Vest-Balkan og i Ukraina som Forsvarsdepartementet gjennomfører på vegne av Utanriksdepartementet. Videre foreslår regjeringa å auka løyvinga med 1,3 mill. kroner knytt til erstatning og tilbakebetaling av sakskostnadar etter ei rettssak. Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 6,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande utgiftsauke for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar, jf. meirinntektsfullmakta til Forsvarsdepartementet.

### *Post 85 Aksjeutbytte NY*

Regjeringa foreslår å oppretta posten i nysalderinga av 2024-budsjettet. Forsvarsdepartementet har fått utbetalt 25,0 mill. kroner i aksjeutbytte frå Rygge 1 AS. Regjeringa foreslår ei løyving på 25,0 mill. kroner på posten, mot ein tilsvarande utgiftsauke for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar, jf. meirinntektsfullmakta til Forsvarsdepartementet.

## Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

### *Post 01 Driftsutgifter, kan overførast*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 803,0 mill. kroner knytt til utgifter som har ei motsvarande inntektsside, jf. forslag om auka inntektsløyving på kap. 4710, post 01. Dette gjeld auka utbetalingar knytt til NATO-prosjekter knytt til investeringsprogrammet *NATO Security Investment Programme* (334,3 mill. kroner), auka husleige som følge av endra portefølje, prisreguleringer og nye leigetilhøve hjå Forsvaret (222,1 mill.

krone), auka betaling frå Forsvaret for tilleggs- og sikringstenestar (275,8 mill. kroner) og reduerte forsyningsinntekter (-29,2 mill. kroner). Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 26,7 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. I tillegg kjem ein mindre auke på 0,9 mill. kroner. Vidare foreslår regjeringa å reducera løyvinga på posten med 6,0 mill. kroner knytt til eit mindrebehov på prosjektet gradert kommunikasjon. Regjeringa foreslår at mindrebehovet vert omdisponert for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar. Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 824,6 mill. kroner.

### *Post 47 Nybygg og nyanlegg, kan overførast*

Som følge av ei teknisk endring foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 1,0 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 1720, post 01.

## Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

### *Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 803,0 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1710, post 01 knytt til inntekter som har ei motsvarande utgiftsside. Sjå omtale under kap. 1710, post 01.

## Kap. 1720 Forsvaret

### *Post 01 Driftsutgifter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 538,3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1700, post 79, for meirutgifter i Forsvaret knytt til militær støtte til Ukraina. Sjå omtale under kap. 1700, post 79.

Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 471,1 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. I tillegg foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 359,2 mill. kroner til auka driftsutgifter i Forsvaret som i stort er uunngåelege. Målet med løyvinga er å oppretthalda aktivitetsnivået i lys av den tryggingspolitiske situasjonen, jf. nærmare omtale i innleiinga. I tillegg foreslår regjeringa å redusera løyvinga på kap. 1720, post 01 med 35,0 mill. kroner

mot ein tilsvarande auke på kap. 1760, post 01, for å dekka utgiftene ved at Forsvarsmateriell overtar ansvaret for strategiske anskaffingar frå Forsvaret. I tillegg foreslår regjeringa fleire tekniske endringar som samla førar med seg at løyvinga på posten aukar med 22,7 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjonar av løyvinga på andre postar.

Forsvaret har i gjennomføringa av øvinga *Nordic Response* hatt utlegg for deltakarnasjonar som vert refundert i form av inntekter. Utgiftene og dei tilhøyrande inntektene har vorte lågare enn planlagt. Regjeringa foreslår difor å redusera løyvinga på posten med 370,0 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 4720, post 01.

Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 986,2 mill. kroner.

## Kap. 4720 Forsvaret

### *Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 370,0 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1720, post 01 knytt til øvinga *Nordic Response*. Sjå omtale under kap. 1720, post 01.

## Kap. 1735 Etterretningstenesta

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 70,3 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgjerset for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 2,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1720, post 01. Dette er tekniske endringar knytt til oppgråver som løysast av Forsvaret på kap. 1720, post 01. Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 67,3 mill. kroner.

## Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1760, post 45*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 75,0 mill. kroner for å styrka Forsvarsmateriell sin kapasitet til å setta i verk ny langtidsplan for forsvarssektoren. Av beløpet er 30,0 mill. kroner knytt til auka driftsutgifter, 25,0 mill. kroner kjem som følge av kapasitetsauke knytt til opptrappinga av materiellinvesteringar og 25 mill. kroner er

knytt til Forsvarsmateriell sitt utviklingsprogram FRAM.

For meirbehov i samband med militær støtte til Ukraina foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 23,0 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1700, post 79. Sjå omtale under kap. 1700, post 79. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga med 63,9 mill. kroner knytt til utgifter til avhending av materiell som vert dekka av auka inntekter, sjå omtale under kap. 4760, post 01 og 45.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 41,5 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønsoppgjerset for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 35,0 mill. kroner knytt til at Forsvarsmateriell overtar ansvaret for strategiske anskaffingar frå Forsvaret. Vidare foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 160,0 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1760, post 45, sjå omtale under kap. 1760, post 45. I tillegg foreslår regjeringa andre mindre endringar som gir eit redusert løvingsbehov på 10,0 mill. kroner på posten.

Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 68,3 mill. kroner.

### *Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 935,0 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1700, post 79, for tiltak i den militære støtta i Nansen-programmet. Sjå omtale under kap. 1700, post 79. Regjeringa foreslår samstundes å auka løyvinga på posten med 160,0 mill. kroner, knytt til teknisk endring av kapittel og post for ei anskaffing av rekognoseringsdoner til Ukraina mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 01. Regjeringa foreslår også ein auke på posten på 108,0 mill. kroner for utgifter til oppskaleringen av teknologisk innovativt forsvarsmateriell, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1700, post 78.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 490,0 mill. kroner til utbetalingar knytt til gjenanskaffing av militært materiell donert til Ukraina. Forslaget gjeld auka utbetalingar i prosjekt 1146 Gjenanskaffing av donerte hovedkomponentar til NASAMS i 2024. Ny avtale vart inngått etter handsaminga til Stortinget av materiellprosjektet i samband med nysalderinga av budsjettet for 2023.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 417,8 mill. kroner knytt til valutajustering av

investeringsprosjekt over 1 mrd. kroner. Dette er som følge av at krona har svekka seg samanlikna med føresetnadane som vart lagt til grunn i revisert nasjonalbudsjett 2024.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 46,4 mill. kroner som følge av meirinntekter knytt til sal av P-3 Orion, sjå omtale under kap. 4760, post 45.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 85,1 mill. kroner knytt til tekniske endringar og meirbehov på andre kapittel og postar.

Samla foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 2 072,2 mill. kroner.

#### *Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, kan overførast*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 95,4 mill. kroner som følge av lågare behov enn føresett. Regjeringa foreslår at midlane vert omdisponert for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar.

#### *Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskot til NATOs investeringsprogram for tryggleik, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44*

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 37,4 mill. kroner som følge av at NATO vil omsetja eit lågare beløp enn føresett i 2024. Regjeringa foreslår at midlane vert omdisponert for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar.

### Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

#### *Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 17,1 mill. kroner knytt til auka inntekter frå avhending av materiell mot ei tilsvarende utgiftsauke på kap. 1760, post 01.

#### *Post 45 Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, inntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 108,7 mill. kroner som følge av inntekter frå avhending av materiell. Dette er mellom anna knytt til salet av P-3 Orion til Argentina. Løyvinga på utgiftssida vert auka tilsvarende meirinntekta, med ein utgiftsauke på kap. 1760, post 01 og 45, jf. meirinntektsfullmakta til Forsvarsdepartementet.

#### *Post 48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 209,9 mill. kroner knytt til refusjonar for Noreg sine utgifter til fellesfinansierte investeringar. Løyvinga på utgiftssida vert auka tilsvarende meirinntekta for å handtera meirbehov på andre kapittel og postar, jf. meirinntektsfullmakta til Forsvarsdepartementet.

### Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å endra driftsramma for redningshelikoptertenesta knytt til auka driftsutgifter og utgifter til avvikling av Sea King. Regjeringa foreslår difor å auka løyvinga på posten med 34,0 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 4791, post 01. Regjeringa foreslår ein auke på 7,6 mill. kroner på posten knytt til driftsutgifter. Vidare foreslår regjeringa fleire tekniske endringar mellom kap. 1720, post 01, og kap. 1791, post 01, der netto effekt er ein utgiftsauke på 2,3 mill. kroner på posten. Samla foreslår regjeringa å auke løyvinga på posten med 43,9 mill. kroner.

### Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

#### *Post 01 Driftsinntekter*

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 34,0 mill. kroner, tilsvarende auken på kap. 1791, post 01, sjå omtale under kap. 1791, post 01.

### 3 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret

I samband med ny kapittelstruktur på forsvarsbudsjettet frå 2021, der alle forsvarsgreinene og andre sjølvstendige einingar i Forsvaret, med unntak av kap. 1735 Etterretningstenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta, vart samla under nytt kap. 1720 Forsvaret, vert Stortinget informert om dei største endringane internt på kapittelet. Tabellen under viser interne endringar under kap. 1720 som er foreslått i Forsvaret sin plan, i tillegg til fordeling av anslaget for verknaden av lønsoppgjernet for 2024, som vert foreslått plassert hjå Forsvarsstaben i påvente av endeleg fordeling og utbetaling.

Forsvaret sin interne fordeling	Saldert budsjett 2024	Prop. 104 S (2023–2024)	Foreslått endring Prop. 19 S (2024–2025)	Samla tildeling
Cyberforsvaret	2 767 631	24 932	27 082	2 819 645
Forsvarets fellestjenester	1 230 472	22 426	7 951	1 260 849
Forsvarets høgskole	1 072 807	57 924	-53 850	1 076 881
Forsvarets logistikkorganisasjon	3 794 854	1 158 391	-220 850	4 732 395
Forsvarets operative hovedkvarter	633 264	136 307	-35 811	733 760
Forsvarets personell- og vernepliktssenter	1 202 667	447 320	168 819	1 818 806
Forsvarets spesialstyrkar	1 150 674	176 420	216 058	1 543 152
Forsvarets sanitet	406 044	11 844	-3 398	414 490
Heimevernet	1 865 119	810 352	-90 792	2 584 679
Hæren	7 417 028	255 752	148 220	7 821 000
Luftforsvaret	8 754 353	457 930	-172 812	9 039 471
Sjøforsvaret	5 420 617	552 595	387 769	6 360 981
Norske styrker i utlandet	824 716	-956	-33 683	790 077
Kystvakta	1 541 865	23 130	98 826	1 663 821
Forsvarsstabben	2 082 509	-1 608 915	524 649	988 243
<b>Sum kap. 1720</b>	<b>40 164 620</b>	<b>2 525 452</b>	<b>986 178</b>	<b>43 676 250</b>

Nedanfor vert dei største interne endringane skildra.

### 3.1 Hæren

- 48,0 mill. kroner – auka utbetaling av T-35 bonus. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstabben.
- 30,0 mill. kroner – innbetaling til drivstoffkonto i *NATO Support and Procurement Agency* (NSPA). Midlar vert fordelte frå Forsvarets logistikkorganisasjon.
- 13,7 mill. kroner – meirutgifter løn som følge av internasjonal verksemid. Midlar vert fordelte frå norske styrkar i utlandet.
- 10,0 mill. kroner – auka kvoter på Lagførarskulen. Midlar vert fordelte frå Forsvarets høgskole.
- -5,8 mill. kroner – støttetenester frå Cyberforsvaret knytt til øvinga *Nordic Response*. Midlar vert fordelte til Cyberforsvaret.

### 3.2 Sjøforsvaret

- 50,0 mill. kroner – auka vedlikehald i Marinen. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstabben.
- 28,1 mill. kroner – fordeling av utgifter til rekruttutdanning ved KNM Harald Haarfagre. Midlar vert fordelte frå Luftforsvaret.
- 9,5 mill. kroner – auka utbetaling av T-35 bonus. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstabben.

### 3.3 Luftforsvaret

- 15,5 mill. kroner – anskaffing av bøyar til P-8. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstabben.
- 5,5 mill. kroner – auka utbetaling av T-35 bonus. Midlar vert fordelte frå Forsvarsstabben.
- -340,0 mill. kroner – kansellerte innbetalingar til *Foreign Military Sales* (FMS) konto i USA. Midlar vert fordelte til Forsvarsstabben.

### 3.4 Heimevernet

- -47,4 mill. kroner – midlar satt av til ny godt-gjøringsmodell i Heimevernet for 2024 som tid-

legast vert innført 1. januar 2025. Midlar vert fordelt tilbake til Forsvarsstaben i 2024.

- -50,3 mill. kroner – utgifter til personleg klednad og utrusting i Heimevernet. Midlar vert fordelt til Forsvarets logistikkorganisasjon.

### **3.5 Andre større endringar på kapittel 1720**

- 135,0 mill. kroner – auka utgifter til stillingar i utlandet. Midlar vert fordelt fra Forsvarsstaben til Forsvarets personell- og vernepliktsenter.
- 46,0 mill. kroner – oppbygging *Special Operations Task Group* (SOTG). Midlar vert fordelt fra Forsvarsstaben til Forsvarets spesialstyrkar.
- Reduksjon av energiutgifter vert fordelt på driftseiningar og vert samla hjå Forsvarsstaben.
- Insentivmidlar vert fordelt fra Forsvarets fellestenester til rett driftseining.

## **4 Fullmakter**

### **4.1 Omfangsendring av pågående materiellprosjekt for godkjenning**

*Auka kostnadsramme for Sikker teknisk infrastruktur*

Sikker teknisk infrastruktur er eit anlegg som skal støtta statens evne til å handtera kriser og uønskte hendingar. Prosjektet var opphaveleg planlagt stilt ferdig 1. juli 2024, med ei kostnadsramme på 2 177,7 mill. kroner, i prisnivå per 1. juli 2024.

Prosjektet er forsinka og er forventa stilt ferdig andre halvår 2025. Førseinkinga inneber auka kostnadurar. Prosjektet er nyleg eksternt kvalitetsikra, og i tråd med anbefalingane frå kvalitetsikrar foreslår regjeringa ei kostnadsramme på 2 445,0 mill. kroner, i prisnivå per 1. juli 2025, jf. forslag til vedtak. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2025 om eventuelle konsekvensar for løvvinga av endra kostnadsramme.

### **4.2 Tilsegnsfullmakter**

Regjeringa foreslår ei tilsegnsfullmakt på kap. 1700, post 78 på 81,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av tilsegnsfullmakta på kap. 1700, post 73. Bakgrunnen er verkemiddelelapparatet i

*European Defence Fund* (EDF) som gir fleirårige forpliktingar.

## **5 Tilskot i Ukraina-programmet**

### **5.1 Unntak frå stortingsvedtak om utbetaling av tilskot**

Krigen i Ukraina er inne i ei kritisk fase. Rask, koordinert og betydeleg støtte er naudsynt for å gjera Ukraina i stand til å forsvara seg sjølv og for å auka presset på Russland til å avslutta kamphandlingane. Den militære støtta i Nansenprogrammet er basert på ukrainske behov og vert koordinert mellom anna gjennom den internasjonale koordineringsgruppa Ukraine Defence Contact Group. I løpet av det siste året har det vore ei gradvis utvikling i korleis den internasjonale støtta til Ukraina vert gjennomført. Utviklinga går mot auka bruk av internasjonale initiativ og donasjonar som vert finansierte gjennom tilskot.

Noreg har sidan 2022 mellom anna tatt del i det britiske fondet International Fund for Ukraine. No tar Noreg også del i det tyske luftverninitiativet og det tsjekkiske ammunisjonsinitiativet. Noreg har vidare inngått avtalar om støtte gjennom EU, NATO og med enkeltallierte. Felles for dei fleste støtteordningane er at det vert forutsett at bidragsytarane har innbetalt midlane før materiellet som skal donerast vert bestilt eller støtte tiltaka vert sette i verk. Årsaka er at initiativtakarane som tar på seg ansvaret for å gjennomføra donasjonar til Ukraina på vegne av andre samstundes tar ein betydeleg økonomisk risiko i gjennomføringa. Til dømes kan nasjonale forhold hos bidragsytarane gjera at tiltaka likevel ikkje vert finansierte som planlagt. Dermed kan initiativtakaren enda opp med å finansiera heile tiltaket.

Det er difor forståeleg og naudsynt at initiativtakarane ikkje kan basera iverksettinga av støtte tiltaka utelukkande på lovnadar og avtalar om framtidig støtte, og at midlane må vera innbetalte før tiltaka vert sette i gang. I fondsmekanismane Noreg tar del i blir innbetalingane frå deltakarlanda handtert samla av initiativtakaren, og vert anvendt over fleire år. Når midlane frå fleire land vert samla er det ikkje openbart når Noregs midlar vert nytta og det kan ta tid før alle midlane er anvendte.

Utbetalingar til fond for Ukraina og internasjonale initiativ om donasjonar utfordrar difor føresetnadane i Stortingets vedtak av 8. november

1984 om utbetaling så nært opp til oppgjerstidspunktet som mogleg.

På bakgrunn av desse forholda meiner regjeringa det er naudsynt med eit unntak frå føresetnadane som gjeld korleis utbetalingar av tilskot til dei internasjonale fonda og samarbeidsmekanisme vert gjennomførte, og foreslår difor eit unntak frå stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av tilskotsbeløp, avgrensa til den militære støtta i Nansen-programmet. Regjeringa vurderer og at forslaget er i tråd med behovet for effektiv støtte til Ukraina, jf. Meld. St. 8 (2023–2024). Sjå forslag i romartalsvedtak III.

## 5.2 Enkeltilskot i Ukraina-programmet i 2024

Under følger ei oversikt over Forsvarsdepartementet sine tilskot som del av den militære støtta i Nansen-programmet for Ukraina. Gitt Stortinget sin tilslutning til forslaget frå regjeringa om nysal-

dert budsjett, planlegg regjeringa å tildela tilskot for om lag 10 mrd. kroner i 2024. Regjeringa tar etterhald om at endeleg tilskotsbeløp for 2024 vert fastsett gjennom avtalar mellom Forsvarsdepartementet og tilskotmottakarane, og at beløpet er avhengig av valutakursar og periodisering av utgifter over år. Stortinget er, i tråd med den politiske avtala om Nansen-programmet, konsultert om tilskota gjennom forsvarsministeren sine orienteringar til Den utvida utanriks- og forsvarskomiteen. Tilskot til anskaffing av militært materiell og deltaking i internasjonale initiativ for støtte til Ukraina krev tidlege forpliktingar og utbetalinger. Der det er naudsynt vert midlane forplikta og utbetalte på førehand, hovudsakeleg for å legga til rette for hurtigare leveransar til Ukraina, sjå omtale i avsnitt 5.1. og forslag til vedtak III.

Som følge av at delar av informasjonen er skjermingsverdig, er enkeltilskota gruppert på tilskotmottakar. Omtala av føremålet med enkeltilskota er også tilpassa graderingsnivå.

Tabell 5.1 Tilskot til internasjonale samarbeidstiltak og finansieringsordningar

Tilskotmottakar	Føremål	(i mill. kroner)
Tyskland	Finansiering av luftvernmatieriell til Ukraina, i samarbeid med Tyskland og andre bidragsytarar. Noreg har bidratt til donasjon av IRIS-T-batteri med missil, Patriot-batteri og -luftvernmissil	3 969
Storbritannia	I samarbeid med Storbritannia og andre land, bidrar Noreg mellom anna til finansiering av luftvernmatieriell, dronar med naudsynt tilleggsutstyr, samt bidrag til den maritime koalisjonen for Ukraina	2 250
Tsjekkia	Donasjon av 155 mm. artilleriammunisjon	1 600
USA – JUMPSTART	Våpen, reservedelar og annan stønad til donasjon av F-16	1 440
NATO – <i>Comprehensive Assistance Package</i>	Innkjøp av ikkje-dødeleg materiell for donasjon, tiltak for auka interoperabilitet, utvikling av moderne institusjonar og langsigktig gjenoppbygging av Ukraina	300
Luxembourg – <i>IT Coalition Cooperation for Ukraine</i>	Utvikling og kjøp av IT- og kommunikasjonsløysingar for det ukrainske forsvaret og forsvarsdepartement	20

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Forsvarsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjera vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Forsvarsdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2024 vert det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
01		Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr. 745 166 000 til kr. 817 921 000	72 755 000
22		IKT-verksemd, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 829 224 000 til kr. 789 615 000	39 609 000
43		Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 4 202 000 til kr. 1 202 000	3 000 000
71		Overføring til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr. 88 967 000 til kr. 97 247 000	8 280 000
78		Nores tilskot til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 2 106 830 000 til kr. 1 973 830 000	133 000 000
79		Militær støtte til Ukraina, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1710, post 01 og 47, kap. 1720, post 01 og kap. 1760, post 01 og 45</i> , vert auka med ..... frå kr. 8 025 750 000 til kr. 9 553 876 000	1 528 126 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
01		Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr. 6 349 537 000 til kr. 7 174 127 000	824 590 000
47		Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr. 5 403 901 000 til kr. 5 404 901 000	1 000 000
1720		Forsvaret	
01		Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr. 42 690 073 000 til kr. 43 676 250 000	986 177 000
1735		Etterretningstenesta	
21		Spesielle driftsutgifter, vert auka med .....	67 337 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
		frå kr. 3 339 683 000 til kr. 3 407 020 000	
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
01		Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med .....	68 340 000
		frå kr. 2 581 744 000 til kr. 2 650 084 000	
45		Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert auka med... 2 072 185 000	
		frå kr. 29 645 994 000 til kr. 31 718 179 000	
48		Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	95 400 000
		frå kr. 645 400 000 til kr. 550 000 000	
75		Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskot til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , vert redusert med .....	37 440 000
		frå kr. 238 165 000 til kr. 200 725 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
01		Driftsutgifter, vert auka med .....	43 878 000
		frå kr. 672 580 000 til kr. 716 458 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
01		Driftsinntekter, vert auka med .....	6 550 000
		frå kr. 10 352 000 til kr. 16 902 000	
85		Aksjeutbytte, vert auka med .....	25 000 000
		frå kr. 0 til kr. 25 000 000	
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
01		Driftsinntekter, vert auka med .....	803 000 000
		frå kr. 4 948 606 000 til kr. 5 751 606 000	
4720		Forsvaret	
01		Driftsinntekter, vert redusert med.....	370 000 000
		frå kr. 1 444 465 000 til kr. 1 074 465 000	
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
01		Driftsinntekter, vert auka med .....	17 101 000
		frå kr. 128 994 000 til kr. 146 095 000	
45		Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, inntekter, vert auka med..... 108 704 000	
		frå kr. 1 150 463 000 til kr. 1 259 167 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, vert auka med.....	209 856 000
		frå kr. 700 400 000 til kr. 910 256 000	
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med .....	34 000 000
		frå kr. 561 457 000 til kr. 595 457 000	

## II

### Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2024 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	73	Forsking og utvikling	81 000 000
	78	Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjet	419 000 000

## III

### Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykker til at Forsvarsdepartementet i 2024 får unntak frå føresetnadane i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gjevne løyvingar på følgande måte:

Utbetalingar av tilskot i samband med den militære støtta i Nansen-programmet som vert kanalisiert via, og vert forvalta av, USA, Storbritannia, Tsjekkia, Tyskland, Luxembourg, EU eller NATO kan gjerast i samsvar med avtale eller regelverk for det einskilde fond eller internasjonale finansieringsmekanismar.

## IV

### Investeringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet kan bestilla og pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å gjennomføra prosjektet Sikker teknisk infrastruktur innanfor ei kostnadsramme på 2 445,0 mill. kroner, i prisnivå per 1. juli 2025.

=====